


ØYGARDEN KOMMUNE  
TEKNISK PLAN OG FORVALTNING



Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsseksjonen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN


Dykkar ref.

Vår ref.  
12/2560-2/K1-143//RSK

Stad/Dato:  
13.11.2012

## RONG SENTEROMRÅDE - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8, 12-9, jf. også § 12-14, vert det med dette varsla om oppstart av områderegulering for Rong sentrum, gnr 38 bnr 500 m. fl., og utlegging av planprogram for områdeplanen til offentlig ettersyn.



### Planområde

Planen er ein offentlig plan som vert utarbeida i regi av Øygarden kommune. Areal i kommunedelplan Rongøy som vert avsett til sentrumsformål, skal regulerast i områdeplanen. Planområdet utgjer same areal som eksisterande reguleringsplan for Rong senterområde, med justeringar i vest og i sjø.

| Besøksadresse   | Postadresse                   | Konto.nr.     | Org.nr.     | Telefon     | Telefaks    | E post   |
|-----------------|-------------------------------|---------------|-------------|-------------|-------------|--|
| Øygarden rådhus | Ternholmvegen 2,<br>5337 RONG | 1503 23 43969 | 938 766 223 | 56 38 20 00 | 56 38 22 31 | <a href="mailto:postmottak@oygarden.kommune.no">postmottak@oygarden.kommune.no</a> |



Intensjonen med planprogrammet er å klargjera premissane og rammene for planarbeidet og kva som er sentrale tema i den nye områdeplanen. Det vert fokus på fortetting i planarbeidet, med formål som konsentrert bustadbygging, tenesteyting, forretning/næring, idrett, turveggar og tiltak ved sjøen som småbåthamner og badeplass.

Krav om konsekvensutgreiing er vurdert til å ikkje slå inn for områdeplanen, sidan området vert utgreia i kommunedelplan Rongøy, og sidan det er ein gjeldande reguleringsplan som vert endra gjennom ny områdeplan.

Planprogrammet er tilgjengeleg i Servicetorget på Øygarden rådhus og på heimeside til kommunen under «kunngjeringar»

Eventuelle merknader kan sendast Øygarden kommune, Rådhuset, Ternholmvegen 2, 5337 Rong.

**Merknadsfrist: 1. januar 2013.**

Med helsing

Råmund Skjold  
Fagleiar Landbruk og miljø

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur